

► **Konsekvensutgreiing - Reguleringsplan Fonndøla - Hausamoen**

1 Innleiing

Luster kommune skal utarbeide reguleringsplan for eit 333 daa stort område på Hausamoen og Reiarmon i Jostedalen. Delar av området er avsett til næring og råstoffutvinning i arealdel til kommuneplanen. Dette er vidare regulert gjennom reguleringsplan for Jostedalen serverpark og Reiarmon massetak. Resterande delar av området er avsett til LNF i arealdelen og er ikkje regulert.

På bakgrunn av dette har kommunen ved varsel om oppstart vurdert at planforslaget utløyser krav om konsekvensutgreiing etter pbl § 12-9 og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 a) og vedlegg 1. Planprogrammet vart vedteke i Plan- og forvaltningsutvalet, sak 9/21, den 28.01.201.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er del av konsekvensutgreiinga for kvart einskild område i denne utgreiinga. Det er i tillegg utarbeida ei overordna ROS-analyse for heile reguleringsplanen. Denne ligg som vedlegg til plandokumenta.

2 Metode for konsekvensutgreiing

Delar av planområdet har arealbruk som er avklara i gjeldande reguleringsplanar. Det vert ikkje lagt opp til vesentlege endringar innanfor desse areala, og dei er difor ikkje del av konsekvensutgreiinga. I planprogrammet er det lagt til grunn at konsekvensutgreiinga må tilpassast plansituasjonen.

Grunna utstrekkinga til planområdet og få konkrete planar for utvikling, er det i samråd med Luster kommune, valt ein overordna metodikk for konsekvensutgreiing. Denne tek utgangspunkt i metodikken som vart nytta ved utarbeiding av arealdel til kommuneplanen for Luster kommune 2019 – 2030.

2.1 Føremål med konsekvensutgreiinga

Føremålet med konsekvensutgreiingar (KU) er å sikra at omsynet til miljø og samfunn vert ivareteke under utarbeiding av planar eller tiltak, og når det vert teke stilling til om, og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast. Utgreiinga skal skildra verknadene for einskildområde og av dei samla arealbruksendringane i planframlegget.

Del I

- a. **Verdivurdering**; ei vurdering av enkeltområda sin verdi
- b. **Omfang**; ei vurdering av endringa/påverknad endringa medfører for enkeltområde
- c. **Konsekvens**; ei samla vurdering av verdi og omfang av enkeltområde
- d. Sårbarheitsvurdering – henta frå ROS-analysen
- e. Samla vurdering

DEL II

- f. Vurdera verknadene av dei samla arealbruksendringane i planframlegget
- g. Samla vurdering for kvart utgreiingstema
- h. Vurdering av strategiar for framtidig arealbruk

Gjennom vurderingane skal det gjerast greie for kva som ev. må vidare utgreiast ved søknad om tiltak. Tematisk oppbygging av konsekvensutgreiinga går fram av følgjande delkapittel:

2.1.1 Verdivurdering

Det er utarbeidd ein metode for verdifastsetjing av områda knytt til miljø og samfunn tilpassa lokale forhold i Luster. Verdifastsetjinga og vurderingane tek utgangspunkt i eksisterande dokumentasjon i form av regionale og lokale karteleggingar. Verdifastsetjinga skal gjerast på desse nivåa:

- *Nasjonalt nivå*
- *Regionalt nivå*
- *Lokalt nivå*

Verdien av området knytt til miljø og samfunn:

Verdien knytt til miljø og samfunn vert vurdert for kvart einskild område, og verdsett ut frå:

L = liten verdi – område utan kartlagde førekomstar

M = middels verdi – kartlagde eller kjende verdier av lokal betyding

S = stor verdi – sjeldne førekomstar eller særskilde verdier av regional eller nasjonal betyding

Verdivurderinga omfattar desse tema:

Tema	Undertema
Barn og unge	Leike- og friområde.
Kulturminne og kulturmiljø	freda bygg og anlegg, verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre gardstun, naust og sjøhusmiljø osb.
Naturverdier og biologisk mangfald	viktige naturtypar, biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag, strandsone, sårbare landskap og landemerke.
Primærnæring	Landbruket sitt produksjonsgrunnlag: dyrka jord, beiteland, skogsmark m.m.
Rekreasjon og friluftsliv	Turvegar, badeplassar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske, allmenn tilkomst til sjø

2.1.2 Omfang av endringar

Omfanget av endringar skal vurderast og verdsettast. Dette er ei vurdering av kva konkrete endringar tiltaket kan medføra for dei ulike miljøa eller områda. «*Omfang av endringar*» vert vurdert for dei same tema som vert konsekvensutgreidd. Skala for omfang er fylgjande:

-2	-1	0	+1	+2
Stort negativt omfang	Middels negativt omfang	Lite eller ubetydeleg omfang;	Middels positivt omfang;	Stort positivt omfang;
Arealbruken vil øydelegge for det aktuelle tema	Arealbruken vil redusere verdien av det aktuelle tema	Arealbruken har ingen innverknad på tema	Arealbruken vil betre verdien for det aktuelle tema	Arealbruken vil i stor grad betre verdien for det aktuelle tema

2.1.3 Konsekvensar for endra arealbruk

Konsekvensar ved ny/endra arealbruk kjem fram ved ei samanstilling av verdi og omfang:

Verdi x omfang = konsekvens

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert i ein skala frå -4 til + 4, frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særskilte konsekvensar er konsekvens sett til 0. Ikkje alle tema er vurderte som relevante for alle områda. Desse er då ikkje talfesta eller omtalt vidare. Dei faglege vurderingane byggjer på kunnskapen (utgreiingar, registreringar m.m.) vi har for området pr. i dag.

Konsekvensane for endra arealbruk tek utgangspunkt i relevante nasjonale, regionale og lokale mål for miljø- og samfunnsutviklinga. I tilfelle endra arealbruk får stor innverknad på tilgrensande område skal dette også vurderast. Kvant område er avgrensa og vist både på kart, ortofoto og i nokre tilfelle bilete.

Konsekvensar: Verdier knytt til omfang av inngrep og verdi av område

	Vurdering			
	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi	
Konsekvens (Omfang) av inngrep	Stort positivt omfang	(+2) Middels positiv konsekvens	(+3) Stor positiv konsekvens	(+4) Svært stor positiv konsekvens
	Middels positivt omfang	(+1) Litt positiv konsekvens	(+2) Middels positiv konsekvens	(+2/+3) Middel til stor positiv konsekvens
	Lite omfang/ubetydeleg	(0) Ubetydeleg konsekvens	(0) Ubetydeleg konsekvens	(-1/0) / (0/+1) Lite eller ubetydeleg konsekvens
	Middels negativt omfang	(-1) Litt negativ konsekvens	(-2) Middels negativ konsekvens	(-2/-3) Middels til stor negativ konsekvens

Stort negativt omfang	(-2) Middels negativ konsekvens	(-3) Stor negativ konsekvens	(-4) Svært stor negativ konsekvens
------------------------------	---	--	--

2.1.4 Utvalde tema

Konsekvensutgreiinga er utført for utvalde tema slik dei går fram av planprogrammet:

Tema	Undertema
Miljø	
Landbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og for landbruket sitt produksjonsgrunnlag: arrondering, dyrka jord, beiteland, skogsmark m.m.
Ureining – klimapåverknad	Klimapåverknad lokalt i høve temperaturforandringar og påverknad av luftkvalitet. Påverknad på klimagassutslepp.
Ureining vatn og grunn	Konsekvensar for helse og miljø ved ureining av vatn og grunn.
Støyureining	Konsekvensar for helse og miljø ved støypåverknad.
Påverknad biologisk mangfald i nærområdet, samt fisk i Jostedøla	Biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag og strandsone. Dei miljørettslege prinsippa i Naturmangfaldslova §§8-12 er lagt til grunn og sjekka ut i Naturbasen og Artsdatabanken og lokal kunnskap. Fylgjande vert sjekka ut: registrerte prioriterte artar, trua eller nær trua artar (raudlista) utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar (raudlista) eller verdifulle naturtypar i planområdet. Jf. NML § 49 vert verksemd som ligg utafor verneområde sjekka ut om dei kan påføra verneområdet skade.
Samfunn	
Tal avkøyrslar og trafikkbilete generelt	Avkøyrslar til området, samt standard på veg.

2.1.5 Kunnskapsgrunnlaget


KU og ROS vurderingar er gjort på grunnlag av kjent kunnskap. Dei viktigaste kjeldene er :

- Fylkesatlas (ras, flaum, naturområde, kulturminne, m.m.)
- Naturbasen
- Askeladden (RA)
- NVE - Atlas
- Berggrunn (NGU)
- Lausmasser (NGU)
- Gardskart (NIBIO)

2.2 **ROS-analyse**

Til reguleringsplanen vert det utarbeida eigen ROS-analyse for planområdet generelt og med særskild fokus på omdisponering av areal til næringsføremål. Dei konkrete funna frå ROS-analysen vert innarbeida i KU-skjemaet for kvart einskild område og lagt til grunn for den samla vurderinga av arealbruksendringa.

3 Konsekvensutgreiing av delområde

Delområde nr. 1 Hausamoen nord				
Eigar:				
Gnr./bnr. :	88/30			
Gjeldande arealføremål:	LNF			
Føreslege arealføremål:	Massetak, med etterbruk næring			
Arealstorleik (daa.)				
Omtale:	<p>Området er lokalisert heilt nord på Hausamoen. Det er ei terrengforhøgning bestående av grusmassar. Terrengforhøginga ligg om lag 40 meter høgare enn naboområdet i sør. Området er i dag eit ubebyggt skogområde.</p>			
				
<p>Figur 1 Området sett frå sør i 3D flyfoto (kjelde: norgebilder.no)</p>				
Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad
Barn og unge	L			
Kulturminne-/landskap	L			
Naturverdiar	M			Grensar til lakseførande vassdrag.
Primærnæring	L			Kjerneområde for skogbruk
Rekreasjon/friluftsliv	L			
Tema	KU	Merknad grunngjeving		
Miljøtema				
Landbruk	-1	Delområdet er registrert med skog av særst høg og høg bonitet. Registrert kjerneområde for skogbruk, som areal eigna for kulturskog. Skogressursane har avgrensa omfang og er vanskeleg tilgjengeleg i dag. Omfang: Middels negativt omfang (-1)		
Ureining – klima	0	Fjerning av skog og endra arealbruk kan medføre noko klimagassutslepp. Uttak av massar vil generere trafikk i området, samt støv i samband med uttaket, noko som kan påverke luftkvalitet lokalt. Omfang: lite omfang (0)		
Ureining vatn og grunn	0	Planområdet ligg i nærleik av Jostedøla (ikkje verna) og det er registrert grunnvassførekomst under området. Avrenning av partikkelrikt vatn kan føre til blakking av vatnet i elvene og nedslamming av botnsubstrat. Det er føresett at nye tiltak omsyntek desse verdiane. Risiko for ureining ved bruk av anleggsmaskiner i anleggsperioden vert handtert som del av ROS-analysen. Omfang: lite omfang (0)		
Støy	0	Uttak av massar er forbunde med støypåverknad. Det er ikkje busetnad i området som kan verte påverka, men støv kan påverke enkelte dyreartar. Støy kan også forringe opplevinga av området i høve friluft og rekreasjon. Omfang: lite omfang (0)		

Biologisk mangfald	0	Etablering av massetak vil medføre konsekvensar for biologisk mangfald ved at delområdet sin funksjon som leveområde for plante- og dyreartar vert råka. I tilgjengelege databasar er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar innanfor planområdet, det er heller ikkje anna informasjon som tilseier at dette området har spesielle verdiar. Delar av området grensar til lakseførande vassdrag. Eventuelle inngrep i kantsonene til vassdrag kan ha konsekvensar for vassdragsmiljøet. Det er ikkje planlagt tiltak i kantsonene. Omfang: lite omfang (0)
Samfunnstema		
Trafikk og avkøyrsløse	+1	Det er ikkje avkøyrsløse til delområdet i dag. Etablering av ny verksemd i området vil medføre behov for opparbeiding av avkøyrsløse og internveg. Omfang: Middels positivt omfang (+1)
Sårbarheitsvurdering – Henta frå ROS-analyse		
Samfunnstryggleik	Gjennom ROS-analysen er det identifisert 6 farar som er vurdert å vere relevant for dette areal. Av desse var brann/eksplosjon (sprengstofflager) vurdert til å ha forhøgja sårbarheit og må følgjast opp særskild i planframlegget og seinare byggesøknad. Vurdering og framlegg til tiltak går fram av analysen.	1 Svært 0 Moderat 5 Lite 0 Ikkje
Samla vurdering		
Med omsyn til miljø er arealbruksendringa vurdert å ha ei lita overvekt av negative konsekvensar. Sett i frå eit samfunnsperspektiv er arealbruksendringa vurdert å ha ein liten positiv konsekvens. ROS-analysen syner at det for dette arealet er 1 tema med forhøgja sårbarheit, som må følgjast opp særskild i planframlegget og ved byggesøknad. Dette temaet er brann/eksplosjon (sprengstofflager).		<u>Miljø:</u> 0 pluss 0 null 1 minus <u>Samfunn:</u> 1 pluss 0 null 0 minus

Delområde nr. 2 Hausamoen sør

Eigar:	
Gnr./bnr. :	88/5, 88/31
Gjeldande arealføremål:	LNF
Føreslege arealføremål:	Næringsføremål
Arealstorleik (daa.)	
Omtale:	Området omfattar ei større terrengflate på Hausamoen. Området er i seinare tid nytta til anleggsområde i samband med etablering av ny Leirdøla transformatorstasjon. Området er i samband med dette planert og rassikra. I denne reguleringsplanen vert det sett av til byggeområde.



Figur 2 Området sett i frå sør i 3D flyfoto (kjelde: norgebilder.no)

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad
Barn og unge	L			Ingen kjende
Kulturminne-/landskap	L			Ingen kjende
Naturverdiar	M			Grensar til lakseførande vassdrag.
Primærnæring	L			Området er opparbeidd som anleggsområde, der øvste jordlag er fjerna. Registrert som kjerneområde for skogbruk, potensiell dyrkbar mark. *
Rekreasjon/friluftsliv	L			Ikkje registrert som viktig friluftsområde


*Registreringar samsvarar ikkje med faktisk bruk.

Tema	KU	Merknad grunngjeving
Miljøtema		
Landbruk	0	Delområdet er registrert med skog av særst høg bonitet og potensiale for dyrkbar mark. Registrert kjerneområde for skogbruk, som areal eigna for kulturskog. Skog og jordsmonn er fjerna i samband med anleggsarbeid for Leirdøla transformatorstasjon. Omfang: lite omfang (0)
Ureining – klima	0	Med omsyn til utslepp knytt til endra arealbruk, er storparten av skog og jordsmonn allereie fjerna. Etablering av ny næringsverksemd kan, avhengig av type verksemd, generere klimagassutslepp. Det er naturleg å tenkje energikrevjande verksemd grunna nær tilgang til vasskraftverk med tilhøyrande transformatorstasjon. Det kalde klimaet og tilgang på smeltevatn gjer området eigna til å nytte dette til kjøling ved eventuell etablering av energikrevjande verksemd. Det er føresett at nye tiltak vert prosjektert for drift innanfor gjeldande grenseverdiar for utslepp til luft og vatn. Omfang: lite omfang (0)
Ureining vatn og grunn	0	Planområdet ligg i nærleik av Jostedøla (ikkje verna) og det er registrert grunnvassførekomst under området. Avrenning av partikkelrikt vatn kan føre til blakking av vatnet i elvene og nedslamming av botnsubstrat. Det er føresett at nye tiltak omsyntek desse verdiane.

		Risiko for ureining ved bruk av anleggsmaskiner i anleggsperioden vert handtert som del av ROS-analysen. Omfang: Lite omfang (0)
Støy	-1	Næringsføremål, irekna ev. etablering av datasenter, er forbunde med støypåverknad. Det er ikkje busetnad i området som kan verte påverka, men støy kan påverke enkelte dyreartar. Det er ikkje kjend i kva grad støy kan påverke laksen i nærliggjande vassdrag. Støy kan også forringe opplevinga av området i høve friluft og rekreasjon. Området er delvis råka av omsynssone for støy frå eksisterande massetak, og det bør difor ikkje etablerast støyfølsame føremål i området. Omfang: middels negativt (-1)
Biologisk mangfald	0	Etablering av nye tiltak vil medføre konsekvensar for biologisk mangfald ved at delområdet sin funksjon som leveområde for plante- og dyreartar vert råka. I tilgjengelege databasar er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar innanfor planområdet, det er heller ikkje anna informasjon som tilseier at dette området har spesielle verdiar. Store delar av eksisterande vegetasjon er allereie fjerna i området. Omfang: lite omfang (0)
Samfunnstema		
Trafikk og avkøyrse	+1	Dagens avkøyrse til området er av enkel standard og har ikkje tilfredsstillande sikt og stigningstilhøve. Det vert lagt til rette for utbetring av denne. Omfang: Middels positivt omfang (+1)
Sårbarheitsvurdering – Henta frå ROS-analyse		
Samfunnstryggleik	Gjennom ROS-analysen er det identifisert 6 farar som er vurdert å vere relevant for dette areal. Av desse var brann/eksplosjon (sprengstofflager) vurdert til å ha forhøgja sårbarheit og må følgjast opp særskild i planframlegget og seinare byggesøknad. Vurdering og framlegg til tiltak går fram av analysen.	1 Svært 0 Moderat 5 Lite 0 Ikkje
Samla vurdering		
Med omsyn til miljø er arealbruksendringa vurdert å ha ei lita overvekt av negative konsekvensar. Sett i frå eit samfunnsperspektiv er arealbruksendringa vurdert å ha ein liten positiv konsekvens. ROS-analysen syner at det for dette arealet er 1 tema med forhøgja sårbarheit, som må følgjast opp særskild i planframlegget og ved byggesøknad. Dette temaet er brann/eksplosjon (sprengstofflager).		<u>Miljø:</u> 0 pluss 4 null 1 minus <u>Samfunn:</u> 1 pluss 0 null 0 minus

Delområde nr. 3 Fonndøla bru sør

Eigar:	
Gnr./bnr. :	88/2
Gjeldande arealføremål:	LNF
Føreslege arealføremål:	Næring
Arealstorleik (daa.)	
Omtale:	
<p>Området ligg sør for transformatorstasjonen og masseuttaket på Hausamoen. Området er delt av fylkesvegen. Delar av området aust for fylkesvegen har vore nytte til anleggsområde. Området består elles for det meste av skog. Det er ikkje kjent kva type næringsaktivitet som kan vere aktuell her.</p>	



Figur 3 Området sett i frå sør i 3D flyfoto (kjelde:norgebilder.no)

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad
Barn og unge	L			
Kulturminne-/landskap	L			
Naturverdiar	M			Grensar til lakseførande vassdrag.
Primærnæring	M			Kjerneområde for skogbruk. Mindre område med dyrka mark
Rekreasjon/friluftsliv	L			
Tema	KU	Merknad grunngjeving		
Miljøtema				
Landbruk	-2	Storparten av delområde 3 består av skog med høg og særskild høg bonitet. Skogtypen er blandingsskog av bar- og lauvskog. Eit mindre område på 2,5 daa er fulldyrka mark. Registrert kjerneområde for skogbruk, som areal eigna for kulturskog på vestsida av fylkesvegen. Delar av arealet mot elva er planert. Omfang: Middels negativt omfang (-1)		
Ureining – klima	0	Fjerning av vegetasjon og endring av arealføremål er forbunde med noko utslepp av klimagassar. Etablering av ny næringsverksemd, kan avhengig av type verksemd, generere klimagassutslepp. Det er ikkje avklara kva type verksemd som kan vere aktuell her, men arealet er avgrensa, noko som gjer store produksjonsverksemdar mindre aktuelle. Omfang: Lite omfang (0)		
Ureining vatn og grunn	0	Planområdet ligg i nærleik av Jostedøla (ikkje verna) og det er registrert grunnvassførekomst under området. Avrenning av partikkelrikt vatn kan føre til blakking av vatnet i elvene og nedslamming av botnsubstrat. Det er føresett at nye tiltak omsyntek desse verdiane. Risiko for ureining ved bruk av anleggsmaskiner i anleggsperioden vert handtert som del av ROS-analysen.		

		Omfang: Lite omfang (0)	
Støy	-1	Næringsføremål kan vere forbunde med støypåverknad. Det er ikkje busetnad i området som kan verte påverka, men støy kan påverke enkelte dyreartar. Det er ikkje kjend i kva grad støy kan påverke laksen i nærliggjande vassdrag. Støy kan også forringe opplevinga av området i høve friluft og rekreasjon. Området er delvis råka av omsynssone for støy frå eksisterande massetak, og det bør difor ikkje etablerast støyfølsame føremål i området. Omfang: middels negativt (-1)	
Biologisk mangfald	0	Etablering av nye tiltak vil medføre konsekvensar for biologisk mangfald ved at delområdet sin funksjon som leveområde for plante- og dyreartar vert råka. I tilgjengelege databasar er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar innanfor planområdet, det er heller ikkje anna informasjon som tilseier at dette området har særskilde verdiar. Delar av området grensar til lakseførande vassdrag. Eventuelle inngrep i kantsonene til vassdrag kan ha konsekvensar for vassdragsmiljøet. Det er ikkje planlagd tiltak i kantsonene. Omfang: lite omfang (0)	
Samfunnstema			
Trafikk og avkøyrse	+1	I dag er det landbruksavkøyrse til området. Etablering av tiltak i området vil krevje at det etablerast ny avkøyrse til området i tråd med gjeldande handbøker. Omfang: middels positivt omfang (+1)	
Sårbarheitsvurdering – Henta frå ROS-analyse			
Samfunnstryggleik	Gjennom ROS-analysen er det identifisert 8 farar som er vurdert å vere relevant for dette areal. Av desse var brann/eksplosjon (sprengstofflager) og områdestabilitet vurdert til å ha forhøgja sårbarheit og må følgjast opp særskild i planframlegget og seinare byggesøknad. Vurdering og framlegg til tiltak går fram av analysen.		1 Svært 1 Moderat 6 Lite 0 Ikkje
Samla vurdering			
Med omsyn til miljø er arealbruksendringa vurdert å ha middels negative konsekvensar. Sett i frå eit samfunnsperspektiv er arealbruksendringa vurdert å ha ein liten overvekt av positive konsekvensar. ROS-analysen syner at det for dette arealet er 2 tema med forhøgja sårbarheit, som må følgjast opp særskild i planframlegget og seinare detaljreguleringsplan. Desse tema er brann/eksplosjon (sprengstofflager) og områdestabilitet.			<u>Miljø:</u> 0 pluss 3 null 3 minus <u>Samfunn:</u> 1 pluss 0 null 0 minus

4 Samla vurdering

4.1 Vurdering av verknadane av dei samla arealbruksendringane

Konsekvensutgreiinga syner at alle registrerte verdiar er vurdert som lokale. For dei 3 delområda er det vurdert at den samla arealbruksendringa for dei aktuelle områda vil ha ein liten til middels negativ konsekvens for miljøtema. For samfunnstemaet er det vurdert at den samla arealbruksendringa vil ha ein liten positiv konsekvens.

Konsekvensutgreiinga syner at det er små konsekvensar knytt til ny arealbruk for dei 3 delområda. Årsaka til dette er i stor grad knytt til at vesentlege delar av områda allereie er sterkt prega av menneskeleg aktivitet, noko som gjer til at dei lokale verdiane stadvis allereie er forringa. Lokaliseringa av området, langt frå mellom anna busetnad og friluftsområde, gjer til at ev. konsekvens for andre interesser også er sterkt avgrensa.

4.2 Samla vurdering for kvart utgreiingstema

Tabell 1 Samla vurdering for kvart utgreiingstema

Miljøtema	
Landbruk (-1)	For delområde 1 og 3 er det vurdert liten til middels negativ konsekvens knytt til potensielt tap av skogressursar. Det er ikkje vurdert negativ konsekvens for delområde 2. Samla er det vurdert liten negativ konsekvens med omsyn til landbruksressursar.
Ureining – klima (0)	For alle delområda er det vurdert å ikkje vere vesentlege konsekvensar. Dette er føresett at nye tiltak vert prosjektert for drift innanfor gjeldande grenseverdiar for utslepp til luft og vatn.
Ureining vatn og grunn (0)	For alle delområda er det vurdert og føresett at nye tiltak omsyntek verdiane knytt til grunnvassførekomst og nærleik til Jostedøla. Risiko for ureining ved bruk av anleggsmaskiner i anleggsperioden vert handtert som del av ROS-analysen. Samla er det vurdert å ikkje vere vesentlege konsekvensar.
Støy (-1)	Delområda 2 og 3 kjem innanfor omsynssone for støy frå eksisterande massetak, dette legg i fyrste rekkje avgrensingar for ev. etablering av støyfølsame tiltak. Nye næringstiltak kan i seg sjølv generere støy, det er vurdert at lokaliseringa gjer til at støy ikkje vil vere vesentleg sjenerande for andre interesser. Samla er det vurdert liten negativ konsekvens (-1)
Biologisk mangfald (0)	For alle delområda er det vurdert å ikkje vere vesentlege konsekvensar. Dette er knytt til at det ikkje er registrert sårbare artar eller naturtypar innanfor planområdet.
Samfunnstema	
Trafikk og avkøyrslar	For alle delområda er det vurdert å vere ein liten positiv konsekvens knytt til opparbeiding / utbetring av avkøyrslar frå fylkesvegen slik at dei samsvarar med gjeldande handbøker.

4.3 Vurdering av strategiar for framtidig arealbruk

Med bakgrunn i konsekvensutgreiinga er det identifisert nokre strategiar / tiltak for framtidig arealbruk. Desse skal avgrense / motverke dei identifiserte negative konsekvensane. Følgjande strategiar / tiltak vert lagt til grunn i planframlegget:

- Før opparbeiding av nye tiltak, skal ev. drivverdig skog verte teke ut for vidare foredling
- Potensiell fare / omfang for all ureining knytt til opparbeiding og drift av nye tiltak skal vere identifisert, og det skal vere utarbeida naudsynte avbøtande tiltak før det vert gjeve løyve. Det skal takast særskild omsyn til grunnvatn og vassdrag.
- Ved prosjektering og opparbeiding av nye tiltak, skal det takast omsyn til ivaretaking av kantvegetasjonen langs vassdrag.

J02	2022-10-28	For bruk	CorErs		
A01	2022-03-18	For intern bruk	CorErs	AKr	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.